 

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Emnenr. 2 | Fylke: V. Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Nes

Emne: | Bygdelag: Selandsheia

Oppskr. av: Hans Seland | Gard: Seland

(adresse): Flekkefjord | G.nr. 90 Br.nr. 12

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det gamle var at alt høy vart bore på rygg inn i løda, bore på heimelaga tog av lindebast, bastetog. Eit tog til høybering var 5 famnar langt – 9–10 meter. Det hadde på midten ei hegl (hogald, hovol)  gjort av ung fingertykk eik som fyrst vart gjort varm i eld



Til ei høybyrd rekna dei 4 eller 5 fengjer. Vegta vart då ei 35–45 kg ettersom beraren var sterk til. Beraren sette seg med ryggen til byrda, smette armane inn under toga på kvar si sida. Hjelparen drog i endane på toget og hjelpte til å reisa beraren på føtene, eller at byrda var godt (saman)knytt. Beraren tok ikkje togendane over hovudet, men over eine oksla, kva for ei han vilde. Det jamne var at han gjekk berrføtt.

Kvart gardsbruk hadde 3–4 utløer som vart heimborne om vinteren. Var det godt snøføre og grei vegløi, så hendet det nok at sume drog høy heim frå utløene på slede, men det jamne var at det vart bore då og.

Eg gløymde å segja at når høybygda var lest, og beraren reist, då skulle bygda nøsast, d.v.s. alt høy som ein kunde føla for vilde dette av under beringa vart av-raka med same. (T.Aa. har nysja)

No er det vel lite høy som vert bore inn i løa her i bygda, utan på dei gardane som ikkje har hest. Det er å merke at gardane i Nes er små, -kan få frå 2-3 kyr til 5-6 kyr og hest.

Omslaget tok vel til så smått i 1890-åra, då kom det ein og annan plog til bygda, og meir systematisk nydyrking tok til. Så nådde det jamnast gardsvegar til utslåttene, og byggjast bygdevegar til gardane. Det siste tok til for ålvor her i Nes kring 1910 og har halde på til no. Enno er me ikkje heilt ferdige så alle gardane har fått veg, men no lid det.

Med bygdevegar og gardsvegar i orden kunde nydyrkinga koma i sving. No vart det råd til å få heim kali, fosfat og salpeter. Nye uthus, bygde for innkjøring av høyet vart bygde, og skrapslåtte-teigane vert no nytta til beite. Omslaget har fylgt hakk i hæl med vegbyggjinga, kan me segja, og 1920-1940 markerar det store vendet.

Husmannsbruk er ukjende i Nes. Her var før nokre som i skattelistene vart nemnde strandsetjarar, men no reknar me alle som sit med jord, stor eller lite, for sjølveigarar.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Høyvognene som her vanleg er i bruk
er 2-hjulskjerrer



Desse får til høykjøring pålagt ein lett
karm som gjer lesseplanet breidare og lenger og
har eit uppbygg for hjula, som og låg i eit hakk lenger bak. Når lasset
er lesst, (– det kan på jamnan vera på
200 – 300 kg, ettersom gardsvegen er til)
vert det anten kneppt med eit dubbel-
tog med bra sterk hegl som gjeng under
lasset (under kjerreunderlaget) og over
høyet, eller helst med ei grind som
ligg over høyet  og er fest høveleg
høgt framme. Ein kneppte alltid lasset
bakover. Sidegrindar er sjeldan i bruk.

Bastetog-tida tok slutt kring 1900.
Løypestreng har vore litt i bruk nokre
år på sume gardar, men no sjeldan.

Av og til laut ein i overgangen kjøra
høy heim på slede. Den var uskodd på
sumarføre, men stålskodd på snøføre.

Det er ikkje kjend her nokon overtru
om siste byrda, lasset. Alt skulle i hus
til siste etternøset.

Me hadde ei sams utslått før 1884.
Det var fast regel for kor mange slåtte-
folk, karar og kvinnfolk som skulle møta
frå kvart bruk. Kvinnfolket raka og
lesste byrdane. Så vart ein mann
blinda. Ein annan peika på byrd for byrd
og spurde kven som skulle ha henne. Og
den blinda svara. Det var så ingen
skulde kunna lessa for store byrder til

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11

seg. Det skulde gå adleg og rett for seg.
Til 6.
Eg veit ingen ting om bröyte-plikt. Kvar syter for seg, og kjører höyet heim når det fell for han.
Vanleg har eg no svara på det som er spurt om. Eg er sjölv av dei eldste i heradet, 80 år.

Hans Seland.

28 nov 46.

Ein höyrer nok av og til talemåten å jüra (gjurda) eit lass, og jüretog, men det vanlege er kneppetog.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

11